



Fylkestannlegen i Rogaland
Postboks 130
4001 STAVANGER

Dato: 28.04.2017
Vår ref.: 2017/2665-2
Saksbehandlar: arnasan
Dykkar ref.:

Tannhelsetilbodet i Etne kommune og i Vindafjord kommune

Eg viser til tidlegare samtalar og brev – seinast ditt svarbrev datert 22.02.2017 med saksnr 17/3388-2.

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama i møte 30.03.2017 saka om ny felles tannklinikk lokalisert i Ølen. Fylkesutvalet vedtok at «Hordaland fylkeskommune vil oppretthalda ein tannklinikk i Etne kommune». Protokoll som viser fylkesutvalet sitt vedtak er lagt ved dette brevet.

Fylkestannlegen i Hordaland tek fylkesutvalet sitt vedtak til etterretning, og vil arbeida for at tannhelsetilbod i Etne kommune skal bli så godt som mulig. Om det i dette området skulle bli aktuelt med andre former for samarbeid mellom tannhelsetenestane i dei to fylka vil fylkestannlegen koma attende til saka.

Arne Åsan
Fylkestannlege

1 vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.